

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

**Nasjonal medfinansiering NORA - Nordatlantisk samarbeid i
regi av Nordisk Ministerråd**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til orienteringa slik det går fram av saksframlegget
2. Vestlandsrådet ser føre seg at rådet får høve til å kommentere framlegg til ny strategi for NORA 2011 til 2015 straks det ligg føre

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Årsrapport 09

Saksframstilling

I tråd med ønskje frå sist møte i Vestlandsrådet, 25 og 26 februar 2010, blir det med dette lagt fram ei eiga sak om NORA.

Målet med saka er primært for å informere nærmere om det Nordisk Atlantsamarbeidet (NORA) mellom Grønland, Island, Færøyane og Kyst-Norge (Nord-Norge og Vestlandet). Eit anna mål må vere å vurdere nærmere korleis vi betre kan gjere oss nytte av NORA t.d. til prosjektsamarbeid med våre naboar mot vest.

Kort om bakgrunn og mål for NORA

Frå 1996 har NORA – Nordisk Atlantsamarbeid – vore drivkrafta i arbeidet med å styrke samarbeidet i Nordatlantaren for å gjere regionen til ein kraftfull nordisk region basert på ein sterk og berekraftig økonomisk utvikling.

Dette vil ein gjere gjennom m.a. å skape og støtte politiske og faglege fora for å drøfte Nordatlantiske problemstillingar og utvikle felles strategiar og nettverk. NORA sine nordiske konferansar om demografiske utfordingar (Alta november 2009), Nordic Fashion Biennale i Reykjavik mars 2009, konferanse om ”Innovation in the Nordic Marine Sector”, og Nordatlantisk vinkel på klimaendringar gjennom ei eiga bok om emnet er døme på dette

Eit anna mål er den meir prosjektretta aktiviteten som partnarar på Island, Grønland, Færøyane, og Kyst-Noreg deltek i. Det er to utlysingar for året og våren 2010 har det kome inn nærar 50 søknader. Fleire av søkerne er frå verksemder, forskingsinstitusjonar og organisasjonar frå Vestlandet, og prosjekta fordeler seg på havressursar (maritim og marin sektor), turisme, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, transport og regionssamarbeid elles.

Fylkesordførar Nils R Sandal er ein tre representantar frå Noreg som sit i NORA komiteen.

Nordisk Ministerråd og finansiering

Formelt er NORA ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråds regionalpolitiske samarbeidsprogram. Og det er Nordisk Ministerråd som i hovudsak finansierer NORA og med noe supplement frå Vestnordenfondene og frå dei fire deltakande landa – Færøyane, Island, Grønland og Kyst-Norge. Budsjettet var på nærmare 10 mill kroner i 2009. Noreg sin del består av kr 500.000 frå Kommunar- og regionaldepartementet og kr 100.000 kvar frå høvesvis Landsdelsutvalet (LU) og Vestlandsrådet.

Frå prosjekt til strategisk satsing – Canada og OECD

Mykje av verksemda i NORA har vore tufta på prosjektfinansiering. For våren 2010 gjeld dette alt frå prosjekt om lakselus (s0m Skretting Aquakultur og IRIS deltek i), fikseri og samfunn (som SITEF er partnar i), NOR-fish (NIVA og Marø Havbruk), til Gourmetourisme (som Havforskinsinstituttet er med i), torskehelse (Norsk Sjømatsenter), bærproduksjon ved hjelp av plasttunnelar (Njøs næringsutvikling) og folkemusikkprosjekt (med Ole Bull Akademiet) – for å nemne nokre der aktørar frå Vestlandet deltek. Ein føresetnad for prosjektdeltaking er at prosjektet har partnarar frå minst 2 land, helst alle dei fire NORA landa. Det er elles 50% prosjektfinansiering, resten må ein sjølv dekke.

Gradvis har NORA utvikla seg mot å bli ein meir strategisk-politisk organisasjon. Det at ein no er med å arrangerer fleire konferansar og møter om strategiske viktige tema, sjå over, er nok eit uttrykk for dette. Interessa mot å etablere strategiske partnarar i Canada og i Skottland er med å forsterke dette. Det må òg nemnast at NORA har engasjert OECD til å gjennomføre ein regional

politisk analyse i NORA regionen nettopp for å sjå på dei strategiske utfordringane og mulighetene som ligg i regionen. Sjå elles eigen program for OECD sitt besøk i Bergen 22 og 23 juni 2010.

EU og deltaking i interregprogramm

Den tette koplinga mellom NORA og EU sitt NPP program (Northern Periphery Programme) synest òg å spele ei positiv og dynamisk rolle. M.a. startar gjerne fleire av kystnoreg sine prosjekt ofte som forprosjekt i NORA og går vidare som fullverdig prosjekt innan NPP programmet. Eit døme her er Gulatingprosjektet som fekk støtta frå NORA og som no er ein del av EU sitt interregprogram gjennom NPP:

Strategisk kystsamarbeid mot nord

Vestlandsrådet deltek i NORA saman med Landsdeltutvalet for Nord Noreg (Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark), og til saman utgjer vi Kyst-Noreg. Med omsyn til det aukande fokus på nordområde både nasjonalt, innanfor EU og i ein global kontekst, vil Vestlandet si deltaking i NORA truleg òg vere med å styrke den strategisk territorielle dimensjonen.

NORA sitt tematiske fokus med havressursar, klima og miljø, reiseliv, transport og IKT burde òg samsvare nokså godt med Vestlandet sine strategiske satsingar. Den rurale dimensjonen som ligg både i NORA og like mykje i NPP programmet, samsvarer òg godt med Vestlandet.

Korleis kan vi meir aktivt nytte NORA?

Deltaking i NORA set krav til ressursar for å delta og følgje opp – slik det gjer for deltaking i andre internasjonale nettverk og fora.

På den andre sida ligg det eit stort potensiale i å bruke NORA sitt nettverk og prosjektfinansiering. Her kan vi vere meir aktive på Vestlandet, og det ligg eit potensiale å gjere denne ordninga meir kjent.

For Vestlandsrådet og Vestlandet elles er det mogeleg å spele inn aktuelle strategiske tema som ein ønskjer å få belyst m.a. gjennom konferansar og møte. Ikkje minst gjeld innanfor marine og maritime spørsmål, innovasjon og næringsspørsmål, kultur og reiseliv og ungdomsutveksling. Det siste er ikkje eit strategisk team for NORA, men spørsmålet er om ikkje det burde vere det.

NORA sin auka interesse for samarbeid med Canada - med Newfoundland, Labrador, Nunavut og Nova Scotia – og Skottland inkludert Shetland og Orknøyane, bør elles vere interessant for Vestlandet og Vestlandsrådet. Ei mogeleg kopling kan vere noko Vestlandsrådet på sikt bør kunne sjå nærare på.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Trond Ueland

Arkivsaksnr.: 09/31
